



Vår dato:

01.07.2024

Vår ref:

2020/15828

Dykkar dato:

«RefData»

Dykkar ref:

«Ref»

«Mottakernavn»

Saksbehandlar, innvalstelefon

«Adresse»

Maria Knagenhjelm, 5764 3137

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Kunngjering av vernevedtak for Svanøya naturreservat i Kinn kommune

Den 21. juni 2024 vart 27 nye skogområde verna i åtte fylke i Noreg ved kongeleg resolusjon. To av desse ligg i fylket vårt, i både Kinn og i Stad kommune, der område med gammal og verdifull skog no har fått varig vern.

Vernevedtaket i statsråd omfattar 45 km² nytt verneareal i Noreg, der 34 km² dekker produktiv skog. Vernet er ledd i arbeidet med å ta vare på eit representativt utval av norsk natur og sikre truga, sjeldne og sårbare artar og naturtypar for framtidige generasjonar. Svanøya naturreservat utgjer eit areal på 5217 dekar og er eigd av private grunneigarar. Området vart verna gjennom ordninga for frivillig skogvern. Prosessen fram mot vernevedtak har vore eit samarbeid mellom grunneigarane, Norskog og statsforvaltinga. Samarbeidet mellom skogeigarorganisasjonane og miljømyndighetene om frivillig vern av privateigd skog starta i 2003 og har vore vellukka på alle vis.

Foredraget til Kongeleg resolusjon finn du på Klima- og miljødepartementets heimeside ved å følgje denne lenkja: [Verner 27 skogområder i åtte fylker - regjeringen.no](#). Kongeleg resolusjon og verneforskriftene ligg også vedlagt. Du kan lese meir om vernearbeidet på nettsida vår under temaet [miljø og klima](#).

Tek vare på viktig natur

Svanøy naturreservat i Kinn kommune er eit stort og variert verneområde på kysten. Viktige skogtypar i området er fattig og rik boreonemoral regnskog, rik edellauvskog, gammalskog av både boreal barskog og lauvskog, låglands- og kystfuruskog, og ein lokalitet av gammal svartsumpskog. Svanøya ligg i kjerneområdet for fattig boreonemoral regnskog, som er ein trua naturtype med status sårbar (VU) på raudlista for naturtypar. Skogen er gjennomgåande lite påverka og gammal, stadvis med mykje død ved. Ei rekke artar er registrerte i området, også mange trua artar. Saman med nærliggjande Osøya naturreservat som vart verna i 2023 vil Svanøya naturreservat også bidra til eit større økologisk nettverk.

Vernekart og verneregler er lett tilgjengeleg

Verneforskrift og vernekart blir oppbevart hos miljøavdelinga hos Statsforvaltaren i Vestland, i Miljødirektoratet, i Klima- og miljødepartementet og i kommunen. Reservatet er avmerkt i offisielle



digitale kartportalar som fylkesatlas, Naturbase og Kilden. Gjennom desse digitale karta kan ein også følgje lenke til verneforskriftene som elles er å finne på [lovdata](#). Grunneigarar og andre rettshavarar som ønskjer å få oversendt papirkopi av vernekart og verneregler kan ta kontakt med oss. Alle som har hatt saka på høyring blir underretta om vedtaket gjennom dette brevet.

Vi minner om at Kinn kommune må sørge for å gjere vernegrenser og vernekart kjent og tilgjengeleg, slik at omsynet til verneområdet blir innarbeidd og ivaretak i kommunen si arealplanlegging.

Erstatning

Svanøya naturreservat er oppretta gjennom ordninga med frivillig vern av skog. Ved frivillig vern av skog er erstatningssummen avtalt med grunneigar på førehand, og blir utbetalt av Miljødirektoratet kort tid etter at vernevedtaket er fatta, med mindre det er gjort anna avtale mellom grunneigar og Miljødirektoratet.

Bruk og skjøtsel

Vernet fører med seg ei innskrenking i grunneigar si råderett over eigedomen sin. Naturreservatet er no freda mot alle inngrep som kan forringje verneverdiane, jf. verneforskrifta. Hogst og andre tekniske inngrep er forbode. Friluftsliv, jakt og fiske kan fortsette som før etter vanlege reglar, og det er framleis lov å plukke bær og matsopp. Det er lov å sykle, ri og bruke hest på stiar markert på vernekartet.

Dersom ikkje anna er nemnt i verneforskrifta så gjeld viltlova, lakse- og innlandsfiskelova og motorferdslelova. Forvaltningsmyndigheita kan setje i gang skjøtselstiltak for å sikre verneverdiane, som t.d. uttak av framande artar.

Forvalting, merking og oppsyn

Miljødirektoratet har i brev datert 24.06.2024 delegert forvalningsstyresmakt for Svanøya naturreservat til Statsforvaltaren i Vestland. Dersom kommunen, i ettertid av delegeringa, ønsker å overta forvaltningsmyndigkeit kan Kinn gje tilbakemelding til Miljødirektoratet om dette. Når det ikkje er ytra ønske om lokal forvaltning blir vanlegvis forvaltningsmyndigheita lagt til Statsforvaltaren, som i Svanøya sitt tilfelle.

Spørsmål knytt til vernevedtaket og om forvaltninga kan du rette til Statsforvaltaren i Vestland, [sjå denne lenka](#). Vedtaket om vern er presentert på heimesidene våre: [To nye naturreservat i Vestland vil sikre viktig natur for framtida | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#) Vernevedtaket blir også kunngjort i lokalaviser som blir lest på staden. Når det er kapasitet og ressursar hos oss vil vi skrive ein forvaltningsplan for naturreservatet. Det er også aktuelt å ta ut framande treslag i området.

Vi vil, med heimel i vernevedtaket, sørge for at naturreservatet blir merka, skilta og kartfesta. Jordskifteretten vil styre grensemerkinga og invitere med grunneigarane på dette når det vert aktuelt. Yttergrensene vil då bli merka med boltar med påskrift *vernegrense*, og skilta med påskrift *naturreservat* der det er behov. Vedtaket inneberer også ei varig hefting som vil bli tinglyst på den enkelte eigedom.

Det er Miljødirektoratet ved [Statens naturoppsyn \(SNO\)](#) som gjennom Lov om statlig naturoppsyn, skal føre kontroll med at reglane i verneforskriftene blir følgt. Oppsynet skal drive rettleiing og informasjon, samtidig som dei kan drive skjøtsel, registrering og dokumentasjon etter oppdrag frå



forvaltningsmyndigheita. Det er Einar Vereide i SNO som vil ha ansvaret for å følgje opp Svanøya naturreservat.

Stor takk til grunneigarane og kommunane

Avslutningsvis ønskjer vi å rette ein spesiell takk til både grunneigarane og kommunen for at dei over lang tid har hatt ein klok og framtidsretta bruk og arealforvalting av områda. Dette har sikra viktig natur for framtida.

Med helsing

Halvor Røssum
rådgjevar

Maria Knagenhjelm
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Foredrag til kongeleg resolusjon
- 2 Forskrifter for nye naturreservat juni 2024

Kopi til:
Miljødirektoratet



Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091	0301	OSLO
Landbruksdirektoratet	Majorstua		
Vest politidistrikt	Postboks 56	7701	STEINKJER
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 85	6901	FLORØ
Vestland fylkeskommune	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Luftfartstilsynet	Postboks 7900	5020	BERGEN
Avinor	Postboks 243	8001	BODØ
Kystverket	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
NTNU	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 8905	7491	TRONDHEIM
Norsk institutt for bioøkonomi	Postboks 7030	5020	BERGEN
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Postboks 115	1431	ÅS
Det norske skogselskap	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Den Norske Turistforening	Youngstorget 1	0181	OSLO
Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sognefjordvegen 40	6863	LEIKANGER
Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening	Postboks 5471	0305	OSLO
Fortidsminneforeningen	Majorstuen		
Friluftslivets Fellesorganisasjon	Dronningens gate 11	0152	OSLO
Friluftsrådenes Landsforbund	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO
	Gamle Drammensvei 203	1337	SANDVIKA
Havforskningsinstituttet	Postboks 1870	5817	BERGEN
	Nordnes		
Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685	7485	TRONDHEIM
	Torgarden		
KS - Kommunesektorens organisasjon	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
Natur og ungdom	Postboks 4783	0506	OSLO
	Sofienberg		
NHO Reiseliv	Postboks 5465	0305	OSLO
	Majorstuen		
Norges Bondelag	Postboks 9354	0135	OSLO
	Grønland		



Norges Dykkeforbund	Serviceboks 1, Ullevåll Stadion	0840	OSLO
Fiskarlaget Vest	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Postboks 94	1378	NESBRU
Norges Geologiske Undersøkelse	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM
Norges Handikapforbund	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
Norges Kystfiskarlag	Postboks 97	8380	RAMBERG
Norges Miljøvernforbund	Postboks 539	5806	BERGEN
Norges Naturvernforbund	Miljøhuset, Marieboesgate 8	0183	OSLO
Norges Orienteringsforbund	Postboks 5000	0840	OSLO
Norges Skogeierforbund	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
Norsk Biologforening	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
Norsk Bergindustri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Akersgata 41	0158	OSLO
Norsk Botanisk Forening	c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norsk Industri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS	Postboks 7079 St. Olavsplass	0130	OSLO
Norsk Ornitoligisk Forening	Sandgata 30 B	7012	TRONDHEIM
Norsk Sau og Geit	Postboks 104	1431	ÅS
Norskog	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
Norsk Zoologisk Forening	Boks 102 Blindern	0314	OSLO
Sabima	Mariboes gate 8	0183	OSLO
Statens Kartverk	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
Statkraft SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Technogarden	Vestfjordgaten 4	1338	SANDVIKA
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN
Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
WWF Verdens naturfond	postboks 6784 St. Olavs Plass	0130	OSLO



Naturhistorisk museum	Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet	Postboks 5003	1432	ÅS
Vegdirektoratet	Boks 8142 Dep.	0033	OSLO
Stadnamntenesta på Vestlandet	Postboks 7805	5020	BERGEN
Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
STIFTELSEN SVANØY HUS	Biskop Svanes veg 71	6914	SVANØYBUKT
SVANØY BEITELAG	v/Rannveig Solheim Kvalstad	6914	SVANØYBUKT
SVANØY GRENDAUTVAL		6914	SVANØYBUKT
SVANØY HAVBRUK AS	Ole Torjussens veg 130	6914	SVANØYBUKT
SVANØY RØYKERI AS		6914	SVANØYBUKT
SVANØY SEGL INN AS	Biskop Svanes veg 1	6914	SVANØYBUKT
SVANØY STIFTELSE	Kvalstad Gård	6914	SVANØYBUKT
SVANØY TOMT OG ANLEGG AS		6914	SVANØYBUKT
INDRE SUNNFJORD TURLAG	Postboks 488	6801	FØRDE
FLORA CYKLEKLUBB	c/o Per Ståle Vågene Brandsøyvegen 93	6908	FLORØ
FLORA HISTORIELAG	c/o Reidar Andreas Brandsberg Hjortefaret 2	6907	FLORØ
FLORA JEGER & FISKERFORENING	Postboks 381	6902	FLORØ
FLORA KRIGSHISTORIELAG	Brendøyvegen 18	6906	FLORØ
FLORA POLITISTASJON	Strandavegen 13	6905	FLORØ
FLORA RØDE KORS	Nonskarvegen 1	6906	FLORØ
FLORA SKOGEIGARLAG	v/Anne-Karin Kleiven Rynning Klauvene	6913	FLORØ
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
FORSVARSBYGG	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
LINJA AS AVD FLORØ	Sørstrandsvegen 227	6823	SANDANE
Atle Asheim			
NORGES GEOLOGISKE UNDERSØKELSE	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM
LINJA AS	Langemyra 6	6160	HOVDEBYGDA
TELENOR ASA AVD HOVEDKONTOR FORNEBU	Postboks 800	1331	FORNEBU
TELENOR COMMUNICATION II AS	Postboks 800	1331	FORNEBU
Atle Asheim			
Kinn kommune			



Inge Olai Svanøe Tansø	Erikstadvegen 101	6914	Svanøybukt
Johan Trygve Solheim			
Tore Myklebust	Biskop Svanes Veg 143	6914	SVANØYBUKT
Ole Helling Svanøe	Biskop Svanes Veg 95	6914	SVANØYBUKT
Lillian Jorunn Heggø Valberg	Furuhaugane 31	6907	FLORØ
STIFTELSEN NORSK HJORTESENTER	Kvalstad	6914	SVANØYBUKT
Gunnar Leif Stavøstrand	Marøyvegen 120	6914	Svanøybukt
Øyvind Stavøstrand	Jølstravegen 651	6847	VASSENDEN
Cecilie Turvoll Hovda	Øvre Nyhagen 2	5708	VOSS
Lisa Myklebust			
SVANØY TOMT OG ANLEGG AS		6914	SVANØYBUKT
SVANØY STIFTELSE	Kvalstad Gård	6914	SVANØYBUKT
SVANØY SEGL INN AS	Biskop Svanes veg 1	6914	SVANØYBUKT
SVANØY RØYKERI AS		6914	SVANØYBUKT
SVANØY HAVBRUK AS	Ole Torjussens veg 130	6914	SVANØYBUKT
SVANØY GRENDAUTVAL		6914	SVANØYBUKT
Svanøy grendalag			
SVANØY BEITELAG	v/Rannveig Solheim Kvalstad	6914	SVANØYBUKT
STIFTELSEN SVANØY HUS	Biskop Svanes veg 71	6914	SVANØYBUKT
Statens Naturoppsyn	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM